



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 2335

Bømlo fiskerihavn - Vestland fylkeskommune. Søknad om endra løyve etter forureiningslova til anleggsarbeider i sjø. Vi ber om uttale innan fire veker, seinast 11. desember 2023

Vestland fylkeskommune har arbeidd med å etablere Bømlo fiskerihavn i samsvar med godkjend reguleringsplan¹. Arbeida i sjø har vore regulert av løyve etter forureiningslova, sist endra 23. november 2022. Utfyllingsarbeida byrja i mai 2022, og mudringsarbeid byrja i januar 2023. Det er no dukka opp behov for undervasssprenging, noko det ikkje er søkt om tidlegare. Det blir derfor søkt om undervasssprenging av ca. 8 100 fm³ sjøbotn. Sprengsteinsmassane frå undervasssprenginga skal nyttast lokalt på Langevåg.

Norconsult har i søknad datert 3. november 2023 vurdert korleis arbeida skal utførast for risiko for at lydtrykk frå sprengning ikkje vil gje negativ påverknad ved dei fire oppdrettslokalitetane som ligg i ein radius på opp mot 3,4 km frå anleggsstaden:

Undervass sprenging skal berre skje i periodar når det ikkje er fisk i ventemerdane til Hardanger Seafood AS.

Reaksjonane til oppdrettsfisken i andre anlegg skal overvakast med undervannskamera, spesielt ved Hattasteinen matfiskanlegg.

Autorisert fiskehelsepersonell skal vurdere fisken før, under og etter sprengingane. Dette blir gjort ved lokaliteten Hattasteinen.

Boblegardin skal nyttast ved sprengingsstaden for å dempe undervassstøy.

Undervassstøy skal målast med hydrofon ved lokaliteten Hattasteinen ved starten av sprengingsarbeidet. Resultata frå målingane, saman med observasjonar av fisken, blir brukt til å vurdere behovet for andre avbøtande tiltak, som for eksempel å redusere ladningsstorleiken.

Sprengingsarbeidet er planlagt gjennomført før hekkeperioden for sjøfugl startar. I tillegg skal eventuell partikkelspreiing frå sprengings- og mudringsarbeidet overvakast med turbiditetsmålere, jf. dagens

¹ Reguleringsplan for Bømlo fiskerihavn. Hovlandshagen, 53/ 53 m. fl. Planid: 201307



overvåkingsplan. Entreprenøren ønsker at eventuelle andre avbøtende tiltak vurderast fortløpande under sprengingsarbeidet, dersom oppdrettarane vurderer det som nødvendig med omsyn til fiskehelse.

Statsforvaltaren ber om uttale frå Bømlo kommune om dei omsøkte tiltaka er i samsvar med godkjende planar etter plan- og bygningslova og synspunkt på lokal bruk av sprengsteinsmassane. Vi ber Bergens Sjøfartsmuseum om å vurdere tiltaka ut frå omsyn til marine kulturminne og fiskeriinteresser.

Vi ber Fiskeridirektoratet, det lokale fiskarlaget og eigarar av oppdrettslokalitetane om å vurdere tiltaka av omsyn til fare for forureining og negativ påverknad med dei avbøtande tiltaka som er føreslegen av Norconsult. Statsforvaltaren ber om eventuelle uttaler til vedlagte søknad innan 11. desember 2023. Uttaler kan sendast til sfvlpost@statsforvalteren.no merka sak 2021/17640.

Me ber om de kan framskynda tilbakemeldinga i tid og dersom de ikkje har merknad så set med pris på om det og vert formidla.

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Søknad endring løyve Bømlo fiskerihavn
- 2 Endra løyve 23 november 2022

Kopi til:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Vestland fylkeskommune ved sakshandsamar			
Norconsult			

Mottakerliste:

Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Oppdrettslokalitet Langevåg			
Oppdrettslokalitet Hattasteinen			
Oppdrettslokalitet Andal			
Oppdrettslokalitet Hillersvik			
Bergens Sjøfartsmuseum			
Sør-Norges Fiskarlag			